

Samarbeidande kraftfylke

Fylkeskommunane:		Aust-Agder
Troms	Sogn og Fjordane	Telemark
Nordland	Hordaland	Buskerud
Nord-Trøndelag	Rogaland	Oppland
Sør-Trøndelag	Vest-Agder	Hedmark

Leiar: Magnar Lussand,
Postadr.: Folkedal, 5736 Granvin.
Tlf. 56525828, Mobil: 93431800.
E-post: m-luss@online.no
Sekretariat: Kraftfylkesekretariatet,
Postadr.: c/o SFE, Bukta, 6823 Sandane.
Tlf. 57884719. Fax 57884701.
E-post: john.stoyva@sfe.no

Sandane 30.04.2008.

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

Epost: postmottak@krd.dep.no

Forvaltningsreform, høyringsuttale

Det vert vist til høyringsbrev dgs. 26.02.2008 og høyringsnotat dgs. feb. 2008.

I samband med saka om forvaltningsreform, har Samarbeidande kraftfylke (kraftfylka) i samråd med KS gått inn for at følgjande saksfelt bør leggst til fylka / regionane:

1. Vassressursforvaltning.
2. Forvaltning av verneplanar m.m. av regional karakter.
3. Mynde til å gje byggeløyve til små og mellomstore kraftverk basert på ulike typar energi.

Etter høyringsnotatet er status for desse saksfelte at vassressursforvaltning skal leggst til det regionale nivået. Forvaltning av verneplanar skal kome som eiga sak. Når det gjeld eventuelt engasjement frå fylka / regionane i høve til energiproduksjon frå nye / fornybare energiressursar, så inneheld høyringsnotatet lite om det. Samtidig er denne problemstillinga blitt stadig meir aktuell på bakgrunn av den forståing ein no har om ressursar-, miljø- og klimaspørsmål.

Også Olje- og energidepartementet bør overføre oppgåver

Kraftfylke har merka seg at overføring av oppgåver frå Olje- og energidepartementet ikkje er drøfta i høyringsnotatet. Dersom regionane skal vere pådrivar for utvikling av fornybar energi og ressursrelatert verdiskaping m. m., må dei også få større ansvar og mynde for verkemidla:

- Produksjon og transport av fornybar energi vil vere eit viktig element i ressurs-, miljø- og klimapolitikken. All produksjon (og transport) av fornybar energi, føreset bruk av natur på ein eller annan måte. Prinsippa for bærekraftig utvikling er ei naturleg plattform for bruk av natur. Etter at styresmaktene har gått opp grensegangen mellom bruk og vern, bør regionale styresmakter kunne forvalte områda i samsvar med dette. Lokale og regionale folkevalde organ må bli høyrde i desse prosessane.

- Fylkesdelplanar bør gjerast til eit hjelpemiddel for å regulerer bruken av områda, til å forenkle arbeidet og til å korte ned tida frå ide til prosjekt. For å få til dette bør høyringsprosessen forenklast vesentleg for det enkelte prosjekt, i område der slik bruk er lagt til rette for i fylkesdelplan. Dette, saman med utvikling av standardiserte konsesjonsvilkår, bør kunne gje ein vesentleg meir effektiv prosess. Pr. dato vil dette vere mest aktuelt for vindmølleanlegg og småkraftverk, men andre typar anlegg kan kome til. Avgjerder og premisser for fylkesdelplanar må fattast av folkevalde organ i regionane.
- Den einskilde region bør etter dette få avgjerdsmynde for små og mellomstore kraftverk basert på ulike typar energi. Og fylkeskommunen, ikkje fylkesmannen, bør vere kontrollinstans for at vilkåra i dei løyva som er gjevne, vert følgde.
- Fylket / regionen bør og kunne forvalte økonomiske verkemiddel til utvikling av fornybar energi, som blir forvalta av Enova i dag. Bruken av Enova-midlar bør utvidast til å omfatte investeringar i kraftnettet. Problemstillinga med dyrt kraftnett i spreiddbygde område vil bli kraftig forsterka ved utbygging av fornybar energi, som for ein stor del vil kome i dei spreiddbygde områda der fordelingsnettet er av ujamn kvalitet, og det er få abonnentar og produsentar å fordele kostnadene på.

Samarbeidande kraftfylka har tidlegare gått inn for utjamning av nettleiga, men har så langt ikkje fått gjennomslag for dette. For øvrig er ei utjamningsordning nedfelt i regjeringserklæringa, der det i kapittel 13 i avsnittet om energiforsyning står:

”Regjeringen vil gjennomgå nettstrukturen for elektrisitet og regelverket for nettleie for å legge bedre til rette for strømsparing og forsyningssikkerhet. Nettleien for strøm skal utjevnes over hele landet.”

I staden for utjamning har vi fått løyving over statsbudsjettet som tek toppen av dei største prisforskjellane. For tida er denne løyvinga på 40 mill. kr. år. Så lenge ei utjamningsordning ikkje er på plass, må det brukast vesentleg meir midlar over statsbudsjettet til dette føremålet. Og Enova-midlar bør kunne brukast til investeringar i det ekstra kraftnettet som trengst for å få fram fornybar energi, og spesielt til anleggsbidrag for tilkopling til kraftnettet.

- NVE sine regionkontor (og fylkesmannen sin miljøkompetanse) bør vurderast overført til regionane. Strukturen i desse bør tilpassast regionstorleiken. Ein vil då oppnå sektorovergripande vurderingar og unngå dobbelkompetanse på desse saksfelta.
- Saka om heimfall / endring av konsesjonslovene er og på høyring no. Regjeringa føreslår der at kraftressursane i framtida skal vere offentleg eigde, av stat, fylkeskommunar og kommunar, noko som Samarbeidande kraftfylke støttar fullt ut. I ein slik samanheng vil ein del av fylkeskommunane / regionen si rolle vere å eige kraftverk. I den samanheng og sett i samanheng med at fylkeskommunane skal vere pådrivar for å få til utvikling, bør regionane bli eigarar av mellomstore kraftverk og industrikraftverk, og bruke verdiskapinga i desse i utviklingssamanheng.

Andre spørsmål

- Kraftfylka konstaterer at Regjeringa ser ut til å gå inn for den forsterka fylkesmodellen. Kraftfylka har ikkje synspunkt på storleiken på fylke / regionar. Storleiken vil likevel ha noko å seie for kva som er rasjonell fordeling av oppgåver og ansvarsområde. Kraftfylka legg til grunn at:
 - Store oppgåver og oppgåver av nasjonal interesse bør staten ha ansvar og mynde for.
 - Ansvar og mynde for mellomstore oppgåver bør i utgangspunktet kunne delegerast til fylka / regionane.

- Staten er lovgjevande instans og må ivareta lovfesta kontrollfunksjonar.

Kva som er mellomstore oppgåver vil ha samanheng med storleiken på regionane. Den oppgåvefordeling som er omtala i denne høyringsomtalen, bør og kunne fungere greitt ved ulike typar regionstorleikar. Om regionane blir større, bør større oppgåver kunne overførast til regionane. Blant anna vert det vist til at utvalet for samfunnssikkerhet har peika på at kritisk infrastruktur bør vere i offentleg eige. Regionalt kraftnett er i slik samanheng naturleg å legge til eit regionalt nivå.

- Den grensegangen for oppgåvefordeling mellom fylkesmannen og fylket / regionen som er beskriven i høyringsnotatet er ikkje bra. Det vert spesielt vist til:
 - høyringsnotatet kap 11.7, der det går fram at fylkesmannen skal sitje igjen med heile miljøkompetansen, trass i at det skal overførast betydelege oppgåver til fylka.
 - og utsegna i kap. 8.3.2, der det er lagt til grunn at overføring av landbruksoppgåver skal gjerast avhengig av kva so skjer på miljøområdet.

Dette heng ikkje på greip, og svekker tilliten til at statsadministrasjonen bør styre prosessar der den sjølv er involvert. Både høyringsnotatet og prosessen gjev inntrykk av at det er motstand mot å gje frå seg oppgåver til regionane. Dette tilseier at det må arbeidast vidare med desse spørsmåla.

Med vennleg helsing

Magnar Lussand
Styreleiar